



Kom og høyr Odda songlag i kyrkja måndag 4. juni kl. 19.

**Måndag 4. juni vert det kortreff i Uskedal kyrkje. Odda Songlag kjem og gjestar kyrkjekoret Nordsang. Det vert ein open konsert der begge kora syng. Kantor Eva Megyesi vil framføra nokre orgelkomposisjonar. Det høver godt at desse kora møtest, ettersom Eva Megyesi er musikalsk leiar for begge laga.**

Odda Songlag er eit blandakor med tradisjonar tilbake til 1932, men før det eit kor under Odda ungdomslag. Koret har gjennom åra ofte hatt organisten i Odda kyrkje som dirigent, den mest kjente, og med lengst fartstid som dirigent, var Kaare Moe. Under hans leining hadde koret mange store oppsettingar.

Fra tidleg 60 - tal vart Norvall Grytil dirigent, ein rolle han hadde i over ein mannsalder. Han brakte koret til nye høgder, gjennom nytt repertoar, og ved også å trekkja barn med som solistar. I hans tid hadde koret og store musikaloppsetningar, Spelemann på taket, Les Miserables Og utdrag fra Operafantomet og Jesus Christ Superstar. Fleire av desse i samarbeid med korets neste dirigent, Magne Digranes. Begge syng i dag tenor i koret.

Før noverande dirigent, Eva Megyesi, overtok har koret hatt fleire dirigenter i korte periodar, Ingvard Leivestad, Dagfinn Reinertsen og Iryna Matviichuk.

I periodar hadde koret over 70 medlemmer, i dag er dei rundt 30 aktive.

Tekst: Pressemelding/ Kristian Bringedal  
Foto: Med løyve frå Odda songlag  
Nett: Kristian Bringedal